

## **STATSBUDSJETT 2021- KOMMUNAL KOMPENSASJONSORDNING TIL LOKALE VERKSEMDER**

### **FORDELING OG UTBETALING**

675 millionar kroner fordelast til kommunar etter talet på tilsette i overnattings- og serveringsbransjen i kvar kommune. 75 millionar kroner fordelast til kommunar på sentralitetsnivå 4-6, med mange tilsette innan idretts- og fritidsaktivitetar på vinterstid, og til kommunar på sentralisert 4-6 i Viken, som også er råka av redusert varehandel som følgje av særleg høgt tiltaksnivå på smitteverntiltaka.

### **MÅL FOR TILSKOTET OG KRAV TIL BRUK AV TILSKOTET**

Målet med tilskotet er å setje kommunane raskt i stand til å avhjelpe situasjonen for lokale verksemdar som er særleg hardt råka av lokale eller nasjonale smitteverntiltak. Ordninga skal også fungere som ein kommunal ventilordning, for å kompensere lokale verksemdar som har falt heilt eller delvis utanfor dei generelle kompensasjonsordningane.

Kommunane skal bruke midlane på tiltak for lokale verksemdar som er råka av strenge smitteverntiltak. Dette gjelder særleg støtte som kompenserer lokale verksemders kostnader eller tap som følgje av smitteverntiltak og nedstegning, støtte til verksemdar innanfor reiselivs-, arrangements- og serveringsnæringane, og andre verksemdar som av ulike grunner faller utanfor generelle kompensasjonsordningar.

Det kan også gis støtte til destinasjonsselskap og andre fellestiltak for reiselivet, samt autoriserte besøkssentre for natur og verdensarv, som på grunn av pandemien har stor omsetningssvikt i 2020/2021.

Kommunanes støtte til verksemdar må være i samsvar med regelverket for offentleg støtte.

### **KORLEIS SØKJE**

Støtteordninga administrerast i [regionalforvaltning.no](https://regionalforvaltning.no).

Registrer søkjarorganisasjonen i [regionalforvaltning.no](https://regionalforvaltning.no) og følgje brukarstøtte for korleis du opprett ein søknad. Legg ved dokumentasjon for tapt omsetning, påførte kostnader eller tap som følgje av lokale eller nasjonale smitteverntiltak i perioden 12 mars 2020 til d.d. Overnatting- og serveringsbransjen, og verksemdar som av ulike grunner helt eller delvis har falt utanfor generelle støtteordningar, vil bli prioritert.

Har du spørsmål eller treng hjelp med søknaden, kontakt Gol kommune v / Erik Hansegård tlf 93005235, [erik.hansegard@gol.kommune.no](mailto:erik.hansegard@gol.kommune.no)